



DEN NORSKE KIRKE
Kyrkjebø sokneråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 02.12.2019

Møtebok Kyrkjebø Sokneråd

Møtedato: 26.11.2019

Møtetid: kl. 18:00

Møtested: Kyrkjelydshuset

Tilstede:

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Kari Henny Dale, Aud Kjersti Haugen, Anna Sofia Høvik, Ellinor Henjesand Austreim, Runar Matsui-Li.

Kopi av møteboka går til:

Reidar Knapstad, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekklus, Toril Lange, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste

Godkjenning av innkalling og referat frå siste møte.
Godkjent utan merknader.

Meldingssaker

- 000019 Soknepresten har ordet**
Soknepresten las søndagens tekst.
- 000020 Soknerådet si arbeidsform**
Soknerådsmedlemene presenterte seg sjølve, sa litt om sin bakgrunn og kvifor dei sa ja til å ta i mot val til soknerådet. Det er viktig å få i gang skulegudstenester att, og å få fleire til å kome til kyrkje. Kyrkjeverja orienterte om soknerådet sitt ansvar og oppgåver ut frå lovverket.
- 000021 Gjennomgang av årshjul 2019**
Soknerådet gjekk gjennom dei planlagde aktivitetane i årshjulet for resten av året.
- 000022 Rekneskapsversikt med resultat og balanse**
Rekneskapsversikta viser eit overskot hittil i jubileumsåret på kr. 30 323,- På soknerådet sitt fond står det frå før kr. 87 160,-
- 000023 Kurs for fellestrådsmedlemer**
Det vert kurs for nye fellestrådsmedlemer den 26.02.2020 i Førde. Kyrkjeverja melder på medlemer og varamedlemer til fellestrådet frå kvart av sokneråda.
- 000024 Bispevisitas i Lavik, Bjordal og Ortnevik sokn**
Program som er opent for publikum står på siste side av Helgestunder nr. 3-2019.
- 000025 Kyrkjebø kyrkjelydshus**
Styret i stiftinga for kyrkjelydshuset ventar no på avgjerd frå Stiftelsestilsynet.
- 000026 Helgestunder**
Helgestunder nr. 4-2019 er no sendt til trykkeriet. Frist for stoff til neste nummer er medio februar 2020.

Etter meldingssakene vart det overrekk ein fin blomsteroppsats til sokneprest Runar, som deltok på sitt siste møte i Kyrkjebø sokneråd. Overrekking og avskilsord var ved Sturla Bell Fossen.

Vedtakssaker

Sak 030/19 PLAN FOR DET KYRKJELEGE ARBEIDET I 2020

Vedtak:

Plan for det kyrkjelege arbeidet skal opp på kvart soknerådsmøte, og oppdaterast fortløpande gjennom året av soknerådsleiar. Kyrkjebø sokneråd vil særleg ta sikte på tre punkt i biskopen sine utfordringar til soknerådet:

Gå til gudsteneste regelmessig, lag gode gudstener og prøv ut ideen med kyrkjekaffi med spørsmål.

Start opp med skulegudstener i advent og lag eit årshjul for å sikra eit godt samarbeid med skulen.

Kyrkjelydane må fremja misjon. Og før det vert nytt råd må begge sokna drøfta om ein skal ha felles misjonsprosjekt.

Sak 031/19 GUDSTENESTEPLAN FØRSTE HALVÅR 2020

Vedtak:

Kyrkjebø sokneråd godkjenner dei gudstenedatoane og tidene som så langt er sette opp:

<u>Kyrkjebø:</u>	<u>Vadheim:</u>
05.01.kl. 11.00	05.01.kl. 17.00
02.02.kl. 17.00	23.02.kl. 17.00
01.03.kl. 17.00	22.03.kl. 17.00
08.03.kl. 11.00	09.04.kl. 11.00
11.04.kl. 23.30	

Sak 032/19 VAL AV REFERENT FRÅ SOKNERÅDSMØTA

Vedtak:

Ellinor Henjesand Austreim vart vald til møtereferent for soknerådet for ein periode på 1 år.

Sak 033/19 MØTEPLAN 2020

Vedtak:

Kyrkjebø sokneråd legg sine møter i 2020 til kl. 19.00. - 3. torsdag i månaden i tida januar t.o.m. mai, og i tida september t.o.m. november, dvs:

16. januar. 20. februar, 19. mars, 16. april, 14. mai, 17. september, 15. oktober og 19. november.

Sak 034/19 KYRKJEVERTAR FRAM TIL PÅSKE 2020

Vedtak:

Datoane i Kyrkjebø kyrkje er:

05.01.kl. 11:00 – Kari Henny Dale
02.02.kl. 17:00 – Aud Kjersti Haugen
01.03.kl. 17:00 – Ellinor Henjesand Austreim
08.03.kl. 11:00 – Anna Sofia Høvik
11.04.kl. 23:30 -

Datoane i Vadheim bedehus er:

05.01.kl. 17:00 . Sturla Bell Fossen avklarer kyrkjevertar i Vadheim

23.02.kl. 17:00

22.03.kl. 17:00

09.04.kl. 11:00

Sak 035/19 TILDELING AV OFFER 2020

Vedtak:

Kyrkjebø:

05.01.kl. 11:00 Offer til Helgestunder

02.02.kl. 17:00 Offer til benkeputer i Kyrkjebø kyrkje

01.03.kl. 17:00 Offer til trusopplæring

08.03.kl. 11:00 Offer til trusopplæring

11.04.kl. 23:30

Vadheim:

05.01.kl. 17:00 Offer til Helgestunder

23.02.kl. 17:00 Offer til Trusopplæring

22.03.kl. 17:00 Offer til Trusopplæring

09.04.kl. 11:00 Offer til eige arbeid

Vidare offertildeling skal drøftast i soknerådet i løpet av våren 2020.

For Kyrkjebø Sokneråd

Bjørnar Otterstein
Sekretær